

## Vitengarden 1. halvår 2010 og litt lenger:

### Åpningstider:

**Vitengarden: Vanlege åpningstider 7.01 - 31.05. og 1.09. - 31.12.:**

Kvardagar 10 - 15  
Sundagar 12 - 17  
Laurdag

### I summartida 1.06. - 31.08.:

Kvardagar 10 - 17  
Laurdag 10 - 15  
Sundagar 12 - 17

### Billettpriser:

Vaksne	kr 70,-
Honnør	kr 50,-
Barn 4 - 18 år	kr 30,-
Barn under 4 år	gratis
Familie	kr 180,-

### Grødaland

2.05.- 26.09. Sundagar 12 - 17, men 25.06. - 15.08. også alle kvardagar  
Ellers åpe etter avtale heile året

### Varden Sjøredningsmuseum 13.05.: Redningsdag kl 13 - 16

Åpe ellers bare etter avtale for grupper.

*Billett til Vitengarden gjeld alle museumsanlegga i Hå, Gjesdal og på Sandnes same dagen og nå også til Hå gamle prestegard. Få med kvittering som bevis!*

### Aktivitetsdagar og spesielle ting som skal skje i vår/sommar/haust:

#### Vitengarden, Kvía:

28. mars	"Eggende aktiviteter", Palmesundag og leik med egg
25. april	"4 H dag", 4 H inviterer til gilde aktivitetar for store og små
30. mai	"Sykkeldag", fzmilievnnlig sykkelturn med spennande postar
13.juni	"Biedag", besøk i biehotellet og slyng din eigen honning
? august	"Teknikkens dag", mykje å læra om små og store tekniske ting
12. september	"Husflidens dag", mange aktører stiller ut for salg, og aktivitetar
? September	"En verden på spill", åpning av ny utstilling med mange aktivitetar
19. september	"Sauens dag", "Vennelaget" har aktivitetsdag med sauene i fokus
<b>Grødaland</b>	<b>Aktivitetsadagar kl. 13 - 16</b>
6. juni	"Hagedag",
27. juni	"Syrekaker og Jonsokleik"
15. august	"Flatbrød og leiker", arrangement saman med Bygdekvinnelaget
26. september	"Eplekaker og spel"

### Styret for Vennelaget for Jærmuseet - Vitengarden - året 2009-10

Svein Inge Årrestad, tlf. 51 43 31 33  
Skjærpekk. 5, Pb 62, 4367 Nærbø, formann  
Njål Ådne Njål, tlf. 51 58 68 40  
Hinnavågen 2, 4018 Stavanger, sekretær

**For deg som vil ha meir informasjon, sjå på nett: [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)**

Marta Bernssen, tlf. 51 43 39 08  
Gåsevegen 15, Nærbø  
Solveig Hadland, tlf. 51 48 13 01  
Herigstad, 4340 Bryne  
Folke Ravndal, tlf. 51 42 56 38  
Jærvegen 485, 4352 Klepp

Redaktør for "Jærlappen":  
Svein Inge Årrestad, tlf. 908 87 828

VITENGARDEN  
JÆRMUSEET

# JÆRLAPPEN

Nr 1/2010 Meldingsblad for Vennelaget for Jærmuseet - Vitengarden 10. årgang

## Enå meir skryt til Jærmuseet

Det ser ikkje ut til å ta slutt på heider og ære til Jærmuseet. Eit blad som heiter: "Reiser & Fritid" har i august 2009 kåra dei 15 herlegaste musea i Noreg og Jærmuseet med Vitenfabrikken og Vitengarden er blant desse! Målet med kåringa var få heidra dei musea som "løfter og levendegjer", og ifølge bladet: "de

som engasjerer og formidler med entusiasme og kunnskap". Bladet delte musea inn i 5 kategoriar, med 3 museum i kvar kategori. Jærmuseet- kom då med i kategorien "barn".

Dei to andre musea i denne kategorien var Atlanterhavsparken i Ålesund og Naturhistorisk museum i Oslo. Dei andre kategoriane var "kunst", "opplevelse", "verdte en omvei" og "historie" - der Norsk Oljemuseum i Stavanger var mellom dei tre beste.

Også ekspertar har gitt Jærmuseet høgt skår

i ein evalueringsrapport som nyleg er lagt fram. Ekspertgruppa, som har evaluert dei norske vitensentraene, la fram rapporten sin på ein konferanse i regi av Norges Forskningsråd 11. november i fjor. "Jærmuseet", saman med "VilVite" i Bergen, kom best ut i vurderinga!

På ein skala frå 1 - 3 hadde begge ein snittverdi på 2,6 - medan gjennomsnittet var 2. Jærmuseet fekk høgst skår (3) på breidde, mangfald og kontekstualisering, og for heilskapstenking i forhold til opplevingsstilbod og arealutnytting, oppdatering og fornying og lokal forankring. Nok ein gong viser det seg at samspelet mellom vitensenter og muse-



I flotte "romdrakter" er gjengen godt rusta til besøk hos biene

um, og ikkje minst komplementaliteten mellom Vitengarden og Vitenfabrikken, er ein spennande og fruktbar modell som til saman gjer Jærmuseet til eit av dei fremste vitensentraene i Norden.

## Gode besøkstal for Jærmuseet – Vitengarden også i 2009

Jærmuseet - Vitengarden er framleis inne i ei sær spennande og innhaldsrik utviklings- tid. Museet vert stadig meir kjent og brukt og er svært populært, særleg blant unge og familiar.

Besøkstalet i 2009 var 43.387, som er vel 300 mindre enn året før. Dette skuldast i stor grad det ekstra store besøket ein hadde på den populære edderkoppstillinga i 2008. Med i dette besøkstalet er over 12.560 besøk fra skular og barnehagar, ca 400 mindre enn året

før, men 1600 meir enn i 2007. Talet er noko redusert for barneskulane, men til gjengjeld er det ein auke for feriekulbar og SFO-ordninga. Ny auke vil koma ved at ein nå legg til rette også for barnehagar å koma til Jærmuseet for å "læra ved å gjera".

For Jærmuseet totalt var besøket i 2009 heile 144 244. Dette er rekord og skuldast mest at Vitenfabrikken på Sandnes nå har hatt sitt første heile driftsår og alt nå har funne eit stort og entusiastisk publikum.